



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 12.10.2020
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 13:45 - 17:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP (sak 087 -092)	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
081/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
082/2020	Godkjenning av møtebok
083/2020	Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2020 - WWF
084/2020	Finansrapportering pr. 2.tertial (1.1.-31.8.)2020
085/2020	Rullering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021
086/2020	Vedlikehaldsavtalar for idrettsanlegga i Masfjorden
087/2020	Framlegg til ny forskrift for slamtømming for NGIR-området
088/2020	Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2020 - 2032 - fastsetting av planprogram
089/2020	Mindre reguleringsendring for Liarinden - forenkla prosess
090/2020	2. gangs framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde gnr 52 bnr 10 m.fl.
091/2020	Referatsak
092/2020	Økonomisk rapportering - 2.tertal 2020

081/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Ordfører sette fram forslag om å utsette sak 086/20 til neste ordinære formannskapsmøte.

Formannskapet samle seg om å trekke saka frå sakskartet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

FS - 081/2020 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

082/2020: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

FS - 082/2020 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

083/2020: Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2020 - WWF

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune løyver kr 10 000 til TV-aksjonen 2020.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

FS - 083/2020 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver kr 10 000 til TV-aksjonen 2020.

084/2020: Finansrapportering pr. 2.tertial (1.1.-31.8.)2020

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapporteringa pr. 2.tertial 2020 vert teken til vitring

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 084/2020 VEDTAK:

Finansrapporteringa pr. 2.tertial 2020 vert teken til vitring

085/2020: Rullering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Handlingsplan knytt til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021 med retningslinjer for kommunal medverknad vert vedteken slik det ligg føre.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 085/2020 VEDTAK:

Handlingsplan knytt til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021 med retningslinjer for kommunal medverknad vert vedteken slik det ligg føre.

086/2020: Vedlikeholdsavtaler for idrettsanlegga i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert sett av kr 180 000 for 2021 til vedlikehald av idrettsanlegg i Masfjorden. Denne summen skal indeksregulerast kvart 5. år.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeida avtale med lag og organisasjonar for vedlikehald av idrettsanlegga i Masfjorden med følgjande fordelingsnøkkel

- | | | |
|---------------------------|------|----------------------------------|
| · Nordbygda idrettsanlegg | 50 % | |
| · Matre idrettspark | 40 % | (20 % friidrett og 20 % fotball) |
| · Sandnes ballbane | 10 % | |

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart trekt jf sak FS 081/2020.

FS - 086/2020 VEDTAK:

Saka vart trekt jf sak FS 081/2020.

087/2020: Framlegg til ny forskrift for slamtømming for NGIR-området

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for slamtømming ut på offentlig høyring.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 087/2020 VEDTAK:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for slamtømming ut på offentlig høyring.

088/2020: Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2020 - 2032 - fastsetting av planprogram

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1-, 2 ledd.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 088/2020 VEDTAK:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1-, 2 ledd.

089/2020: Mindre reguleringsendring for Liarinden - forenkla prosess

Rådmannen sitt framlegg:

Mindre reguleringsendring for Liarinden vert sendt på avgrensa høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.3 ledd. Det vert vist til plankart og føresegner med brev dagsett 02.10.2020.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 089/2020 VEDTAK:

Mindre reguleringsendring for Liarinden vert sendt på avgrensa høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.3 ledd. Det vert vist til plankart og føresegner med brev dagsett 02.10.2020.

090/2020: 2. gangs framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde gnr 52 bnr 10 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg:

2. gangs framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til planskildring, plankart og føresegner dagsett 30.09.2020.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Rådmannen orienterte om at nytt plankart dagsett 06.10.20 vert lagt til saka til kommunestyret.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram forslag om å sende saka attende til rådmannen for å gjere fleire utgreiingar som:

1. Støysimulering – over tid med fagrappport.
2. Nytteverdi av spillvarme/spillvatn
3. Moglegheitsstudiet for kva anna kan dette området verte utnytta til? Betre plass til museum, park, bustader og anna næring.

Røysting:

Framlegg til Ap fall mot tre røyster (H og Sp).

Saka vart drøfta vidare.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram forslag om nytt punkt i føresegnene:

- Eit eventuelt datasenter skal nytte vasskjøling og ikkje luftkjøling

Røysting:

Det vart først røysta over KrF sitt forslag. KrF sitt forslag fall mot 3 røyster (H og Sp).

Det vart å røysta over framlegg til vedtak inkludert nytt plankart.

Framlegg til vedtak med nytt plankart dagsett 06.10.20 vart vedteke tilrådd til kommunestyret mot to røyster (KrF og Ap).

FS - 090/2020 VEDTAK:

2. gangs framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til planskildring dagsett 30.09.20, plankart dagsett 06.10.20 og føresegner dagsett 30.09.20.

091/2020: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Referatsaker:

Skriv 1: Skatt på formue og inntekt per 31.08.20

Skriv 2: Oversendelse av oppdragsrapport - Flytting av brønnpunkt/borehol - Skolten vassverk

Skriv 3: Omsetningskonsesjon 20221-2024 for Masfjorden kommune

Skriv 4: Fordeling av spelemidler - 11333 Nordbygda samfunnshus

Skriv 5: Oversendelse av brev

Skriv 6: Referat fra møtet 25.09.20

Orientering frå Ordførar:

- ordførar las opp søknad om oppgradering av leikeplass på Duesundøy og formannskapet samla seg om at ordførar kunne imøtekomme denne søknaden.
- ordførar orienterte om moglege endringar i ordninga om ferjeavløysingsmidlar

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 091/2020 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

092/2020: Økonomisk rapportering - 2.tertal 2020

Rådmannen sitt framlegg:

2.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

12.10.2020 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Merknad frå rådmannen:

Investeringar i varige driftsmidlar er i denne saka tilrådd justert opp med 1,34 mill, kor kjøp av tomt 39 (Gnr 18/bnr 99) Duesundøy på kr 900.000, vedteken i KS 056/2020 er i saka lagt inn som investering. Sidan det er erstatningssak av tomt eigd av kommunen – og tidlegare aktivert, må dette forholdet sjekkast nærare ut, og avklarast i samband med kommunestyremøte 22.10.2020.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 092/2020 VEDTAK:

2.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 12.10.20 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Torill Torsvik Størkensen
varaordfører